



## DEN NORSKE KYRKJA Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Fossetunet 1A  
6856 SOGNDAL  
Tlf: 57679985  
[diakon@sogndal.kyrkja.no](mailto:diakon@sogndal.kyrkja.no)

### Plan for diakoni i Stedje kyrkjelyd. **17.01.19**

Diakoni er kyrkjelyden si omsorgsteneste. Visjonen for kyrkja sitt diakonale arbeid er at evangeliet kjem til uttrykk gjennom handling til beste for vår neste.

Diakoni vil i følgjande plan vere bygd opp med utgangspunkt i fire hovudområde:

- nestekjærleik
- inkluderande fellesskap
- kamp for rettferd
- vern om skaparverket.

Omsorgstenesta skal såleis kome til uttrykk på fleire område og i ulike formar; med omsorg, trøyst, hjelp, motivasjon og håp i møte med menneske i sårbare situasjonar. Verdiar som respekt, likeverd og autonomi er normgivande for våre haldningar og handlingar, desse verkar avgjerande inn på dei val vi gjere i møte med andre.

Kyrkja er eit diakonalt fellesskap, som gjennom si formidling av ord og sakrament, omsorgsteneste og ansvar, verkeleggjer det oppdrag den har fått; vårt møte med Gud vekkjer oss til ansvar og kjærleik i møte med andre menneske.

Det er eit ynskje at den diakonale forståinga og haldninga skal prege soknerådet sitt arbeid og kyrkjelyden sitt virke.

	<b>TILTAK: Sorg arbeid (individuelle samtalar, tilbod om sorggruppe, gravferd).</b>
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Legge til rette for verdig avskjed i gravferda</li> <li>*Hjelpe menneske som strevar med ulike spørsmål i samband med dødsfall/ å leva med sorga.</li> <li>*Møte menneske der dei er. Vere ein medvandrar ved å lytte og reflektere saman.</li> <li>* Ei sorggruppe kan fungere som hjelp til sjølvhjelp</li> <li>* Sende brev til pårørande 1-2.mnd.etter dødsfall. Deretter tlf. til same pårørande 1-2 mnd. etter brev.</li> </ul>
Tid for gjennomføring	Kontinuerleg.
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar	Diakon, prest, kyrkjetenar og organist
Samarbeid med	Off. instansar ved behov: kriseteamet, psykisk helseteam, kreftkoordinator, Gravferdshjelpen i samband med gravferd.
Ansvarleg	Diakon og sokneprest. Soknerådet vektlegger sorgarbeidet og ynskjer at tenesta vert ivaretaken av diakon og sokneprest.

	<b>TILTAK: Livskrisehjelp og sjelesorg</b>
Målsetting	Gje høve til samtale om vonde og vanskelege livssituasjonar (sjå, lytte, støtte, anerkjenne, gje rettleiing, formidle håp og gi hjelp for liv og tru).
Tid for gjennomføring	Ved behov, og etter avtale
Tid for evaluering	Kontinuerlig
Ressursar	Sokneprest og diakon
Samarbeid mellom	Sokneprest, diakon og offentlige instansar ved behov
Ansvarleg	Sokneprest og diakon. Soknerådet vektlegger sjelesorgsarbeidet og ynskjer at tenesta vert ivaretaken av diakon og sokneprest

	<b>TILTAK: med FRIVILLIGE</b> <b>*Medliturg (klokkar),</b> <b>*Kyrkjevertoppgåver</b> <b>*Kyrkjekaffi</b> <b>*Besøksteneste</b>
Målsetting	<p><b>Medliturg:</b> Fleire frivillige skal sette preg på gudstenesta</p> <p><b>Kyrkjevert:</b> ønske velkommen, vise til rette for dei som treng det, dele ut salmebok, kyrkjeseikk, liturgi på engelsk</p> <p><b>Kyrkje kaffi:</b> viktig del av gudstenestefellesskapet, inkludere nye, bygge nettverk, førebyggje einsemd</p> <p><b>Besøksteneste:</b> Førebygge einsemd gjennom besøksordning</p>
Tid for gjennomføring	Fortløpende gjennom året.
Tid for evaluering	Fortløpende. Viser til ny Handlingsplan for frivillige.
Ressursar	Frivillige. Tilsette, soknerådet
Samarbeid mellom	Soknerådet, frivillige og tilsette. Heimetenestene i kommunen når det gjeld besøkstenesta
Ansvarleg	Soknerådet, Soknepresten, diakon

	<b>TILTAK: Formidle behov for tilrettelegging for ulike grupper.</b>
Målsetting	Inkluderande fellesskap. Det skal være lagt til rette for tilgang og bruk av kyrkja for alle (til ein kvar tid: teleslynge, salmebok med stor skrift, rullestolrampe inne). Behov for meir lys framme i koret
Tid for gjennomføring	Snarast
Tid for evaluering	Ved rullering av diakoniplanen og ved behov
Ressursar	Soknerådet
Samarbeid med	Soknerådet, kyrkjeverge, Fellesrådet, kyrkjetenar
Ansvarleg	Soknerådet

	<b>TILTAK: Dåpsring for kvinner</b>
Målsetting	Fokusere på dåpens betydning og familiene sitt møte med kyrkja. Samle inn midlar til dåpsklut, dåpslys og lysestake
Tid for gjennomføring	4 gonger pr. år
Tid for evaluering	Dåpsringen sitt «årsmøte», januar/ februar kvart år
Ressursar	Frivillige og diakon
Samarbeid mellom	Soknerådet, frivillige og diakon
Ansvarleg	Frivillig leiar

	<b>TILTAK: Kyrkjering for menn</b>
Målsetting	Frivillig arbeid for kyrkjebygget, reperasjon, kjøp av inventar og mindre investeringar
Tid for gjennomføring	Kvar siste onsdag i månaden
Tid for evaluering	Januar eller februar kvart år
Ressursar	Frivillige, diakon og kyrkjetenar
Samarbeid mellom	soknerådet, kyrkjetenar, frivillige
Ansvarleg	Frivillig leiar

	<b>TILTAK: Fasteaksjonen</b>
Målsetting	Innsamling ved konfirmantar. Hjelp til å utvikle evna til empati med menneske i naud, og inkludere andre. Skape engasjement i kyrkja sitt hjelpearbeid. Lære dei om diakoni i praksis.
Tid for gjennomføring	Mars – april månad
Tid for evaluering	Rett etter Fasteaksjonen.
Ressursar	Ungdomsprest (i undervisning), diakon (rode, kart, køyreliste), sekretær (bestilling av materiell), frivillige (køyring og bøsse). Konfirmantforeldre (bøsse og køyring). Soknerådet (administrere).
Samarbeid mellom	Frivillige, konfirmantforeldra, Soknerådet. diakon
Ansvarleg	Soknerådet. Delegert adm.arbeid til diakon.

	<b>Gudsteneste: Diakoniens dag</b>
Målsetting	Inspirere til diakoni og løfte fram kyrkjelydens diakonale ansvar: omsorg og teneste
Tid for gjennomføring	Fastetida
Tid for evaluering	Soknerådsmøte etter gudstenesta
Ressursar	Soknerådet bidreg til forbøna, prest, organist, kyrkjetenar, diakon, frivillige
Samarbeid mellom	Sokneråd og tilsette
Ansvarleg	Sokneprest, diakon, soknerådet

	<b>Gudsteneste: Helgemesse</b>
Målsetting	Invitere sørgande til gudsteneste, som har mista ein av sine kjære det siste året
Tid for gjennomføring	1.søndag i november
Tid for evaluering	Stabsmøte etter helgemesse
Ressursar	Prest, diakon
Samarbeid mellom	Soknerådet, prest, diakon og andre tilsette
Ansvarleg	Sokneprest

	<b>TILTAK: Forsongargruppe</b>
Målsetting	Styrke salmesongen i kyrkjelyden og bli kjend med nye salmar
Tid for gjennomføring	Nokre gonger i året og ved særleg behov til nokre gudsteneste
Tid for evaluering	Fortløpende
Ressursar	Organist. Frivillig leiar for gruppa, forsongarane
Samarbeid mellom	Soknerådet, organist, frivillige og prest
Ansvarleg	Organist og prest

	<b>TILTAK: Dugnad på kyrkjegarden og i kyrkja</b>
Målsetting	Halde kyrkja og kyrkjegarden i god stand. Opent for alle til å gjere praktisk arbeid, dugnaden er òg ein møteplass for sosialt samvær
Tid for gjennomføring	Minst 2 gongar i året, vår og haust eller ved behov.
Tid for evaluering	Etter gjennomføring
Ressursar	Soknerådet skaffar mat. Frivillige. Konfirmantforeldre som har kryssa av for dette. Kyrkjetenar
Samarbeid mellom	Soknerådet, kyrkjetenar, frivillige og konfirmantforeldra.
Ansvarlig	Soknerådet. Delegert forarbeid til kyrkjetenar: initiativ, annonse, utstyr

	<b>TILTAK: Kyrkjelydstur for eldre</b>
Målsetting	Fellesskaps bygging, sosialt tiltak
Tid for gjennomføring	Kvar august
Tid for evaluering	Etter turen og ved planlegging av ny tur
Ressursar	Diakon, soknerådet og frivillige
Samarbeid mellom	Soknerådet, diakon og frivillige
Ansvarleg	Diakon og Soknerådet

	<b>TILTAK: Arbeid med frivillige</b>
Målsetting	Rekruttering, lære opp og ta vare på frivillige.(Viser til utarbeiding av Handlingsplan 2018-2019).
Tid for gjennomføring	Frå haust 2019
Tid for evaluering	I samband med skrivning av årsmelding? I samband med rapporteringsskjema? Kvart år ved rullering av diakoniplanen
Ressursar	Soknerådet, frivillige, diakon, andre tilsette
Samarbeid mellom	Soknerådet, diakon, tilsette og frivillige
Ansvarleg	Soknerådet og diakon

	<b>Tiltak: Open felles julaftanfeiring</b>
Målsetting	Gje eit tilbod til dei som ynskje feire julaftan saman med andre
Tid for gjennomføring	Julaftan
Tid for evaluering	Etter arrangementet
Ressursar	Frivillige, sokneråda, diakon
Samarbeid mellom	Stedje- og Kaupanger sokneråd, Museet, frivillige, diakon: komitearbeid
Ansvarleg	Diakon. Stedje-og Kaupanger sokneråd

<b>Moglege framtidige tiltak og prosjekt</b>	
<b>TILTAK</b>	<b>Søndagstilbod: "Ut på tur"</b>
Målsetting	Kyrkjelydsbyggande tiltak med tur/aktivitet etter gudsteneste
Tid for gjennomføring	2-4 x pr. år
Tid for evaluering	Etter kvar tur/aktivitet. Gjennomgang 1 x pr. år
Ressursar	Frivillige,soknerådet
Samarbeid med	Turlaget?Vert tilpassa etter behov
Ansvarleg	Diakon i samarbeid med aktuelle personar/gruppe
<b>TILTAK</b>	<b>Trus- og livsforteljingsgruppe/ livets skattkiste</b>
Målsetting	Gje tid og rom for refleksjon over tru og liv. Høve til samtale og spørsmål
Tid for gjennomføring	Mellom august og april
Tid for evaluering	Etter siste samling
Ressursar	Diakon. Sokneprest. Frivillige deltagarar
Samarbeid mellom	Soknerådet og diakon
Ansvarleg	Frivillig leiar. Soknerådet og Diakon
<b>TILTAK</b>	<b>Eldretreff</b>
Målsetting	Lage møteplass på dagtid. Førebyggande arbeid, bygge nettverk
Tid for gjennomføring	1.gong pr. månad
Tid for evaluering	Fortløpende, og ved rullering av diakoniplan
Ressursar	Frivillige, Diakon
Samarbeid mellom	Soknerådet, frivillige, diakon
Ansvarleg	Soknerådet
<b>TILTAK</b>	<b>Ope kyrkja om sommaren</b>
Målsetting	La turistar og andre sjå kyrkja. Gi høve til ei stille stund i Guds hus.
Tid for gjennomføring	Juni til August kl. 09-22
Tid for evaluering	August/september.
Ressursar	Soknerådet, andre frivillige.
Samarbeid mellom	Sokneråd, Kyrkjeverge, tilsette (låse opp), Kyrkjetenar og frivillige
Ansvarleg	Soknerådet

**Diakoniplanen vart handsama og vedteken i soknerådsmøte :16.01.19**

